



Arkivnr: 2014/16599-11  
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

### Valnemnd i Bybanen AS

#### Samandrag

Fylkestinget vedtok i sak 119/17 12. desember 2017 å følgje KS sine tilrådingar for eigarstyring. Retningslinene tilrår at selskap har valnemnd for å førebu valsaker til generalforsamlingar i selskapa.

I same sak vart det vedtatt retningsliner for valnemnder. Desse retningslinene er vedlagt saka.

Bybanen AS er, som heleigd selskap i Hordaland fylkeskommune, bedt om å opprette valnemnd. Selskapet blei i brev 31. januar 2018 orientert om dette. Brevet er vedlagt saka. Hordaland fylkeskommune kan velje alle medlem til valnemnda. Selskapet må gjere ei vedtektsendring i generalforsamling for at valnemnda skal kunne starte sitt arbeid.

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedtok i sak 68/2017 13. juni 2017 at styret i Bybanen AS skal utvidast med to medlemmer til totalt 7 styremedlem. To av desse medlemene skal vere politikarar. Fylkesrådmannen rår til at denne vedtektsendringa gjerast i same ekstraordinære generalforsamling som veljer valnemnd.

**Økonomi:** Saka har ingen verknad på økonomi eller budsjett i fylkeskommunen

**Klima:** Saka har ingen verknad på klima

**Folkehelse:** Saka har ingen verknad på folkehelse

**Regional planstrategi:** Saka har ingen verknad på regional planstrategi

#### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber om at det opprettast valnemnd i Bybanen as med tre medlemmer valt av Hordaland fylkeskommune.
2. Fylkesutvalet veljer følgjande personar til valnemnda:
  - a. ....
  - b. ....
  - c. ....
3. Fylkesutvalet ber om at selskapet innkallar til ekstraordinær generalforsamling for å gjere naudsynte vedtektsendringar i selskapet og velje valnemnd for selskapet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 04.04.2018**

Fylkestinget vedtok i sak 119/17 12.desember 2017 å følge KS sine tilrådingar for eigarstyring. I tilråding nummer 10 står følgjande:

**VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER**

*Ved valg av styrer til kommunalt eide selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.*

*Representantskapet/generalforsamlingen bør velge leder av valgkomiteen. I selskap med flere eierkommuner bør valgkomiteen sammensettes slik at den reflekterer eierandelene. Ordningen med valgkomite er ikke lovregulert, og den bør derfor vedtektsfestes, alternativt nedfelles i selskapsavtalen. Videre anbefales det at det utarbeides retningslinjer som regulerer deres arbeid. Det anbefales også at valgkomiteen har en dialog med styret før forslag fremmes, og at valgkomiteen begrunner sine forslag.*

*Eier står fritt til å endre styresammensetningen uavhengig av valgperioden. Hele styret bør normalt ikke skiftes ut samtidig, for å sikre kontinuitet og videreføring av kompetanse. Det kan derfor være hensiktsmessig med overlappende valgperiode for ulike styremedlemmer.*

I same sak vart det vedtatt retningslinjer for valnemnder. Desse retningslinjene er vedlagt saka.

Bybanen AS er, som heleigd selskap i Hordaland fylkeskommune, bedt om å opprette valnemnd. Selskapet blei i brev 31.januar 2018 orientert om dette. Brevet er vedlagt saka.

Hordaland fylkeskommune eig selskapet 100% og kan dermed velje alle medlem til valnemnda. Selskapet må gjere ei vedtektsendring i generalforsamling for at valnemnda skal kunne starte sitt arbeid.

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedtok i sak 68/2017 13.juni 2017 at styret i Bybanen AS skal utvidast med to medlemmer til totalt 7 styremedlem. To av desse medlemene skal vere politikarar. Fylkesrådmannen rår til at denne vedtektsendringa gjerast i same ekstraordinære generalforsamling som veljer valnemnd.